



SORTERINGSGUIDE

SAMLA INNSATS FOR BETRE SORTERING

I avfallsforskrifta § 10a-4 er det fastsett ei plikt til utsortering av avfall frå hushald. Utsortering innan 2035 skal vere:

- Matavfall: 70 %
- Papp og papir: 80 %
- Glas- og metallemballasje: 90 %

Vi har ein veg å gå for å nå krava.

DETTE KLARAR VI BERRE SAMAN

For å nå nye utsorteringskrav er vi avhengige av at du sorterer rett. Dette er ein dugnad, der kvart kast tel. På baksida av arket finn du ei oversikt over korleis du sorterer dei ulike avfallstypene. Heng den gjerne opp heime, slik at sortering vert enkelt i kvardagen.

SORTERING STARTA I HEIMEN

Eit godt sorteringssystem gjer det lett å ta rette val.

Sortering under benken

Kjeldesorteringssystem med bøtter gjer god oversikt og effektiv sortering.

Sortering i skap

Boksesystem gjer det lett å halde orden på kva ein har i skapa, slik kjøper du med deg kun det du treng frå butikken. Det blir mindre avfall, og ein vil sortere avfallet rett, før det kjem inn i skapa.

SMÅ GREP – STORE RESULTAT

- Ha handlenett lett tilgjengeleg
- Bruk omatt og reparer det du kan
- Handle berre det du treng
- Vel lokale varer og tenester
- Legg merke til sorteringsmerka
- Slank restavfallet

Vi i SUM er glade for å ha deg med på laget: Saman skal vi nå målet om 65 % materialgjenvinning! Takk for at du bidreg.


Sorteringsguide



Restavfall

Skal pakkast i pose før du hiv den i dunken. Restavfall er det som er igjen etter du har sorter ut alle andre fraksjonar.

- Gåvepapir
- Isopor og våt papp
- Bleier
- Knuste mjølkeglas og vinglas
- Undertøy og anna øydelagt tøy
- Pottejord
- Hundepose og kattesand
- Skitten emballasje
- Vedsekk



Til gjenvinningsstasjonen:

Farleg avfall, maling og sprayboks

Matavfall

Skal i matavfallspose før du hiv den i dunken. Gjerne to på sommartid for mindre lukt. Matavfall er det som kan komposterast. Tips for å unngå fuktig og frosse avfall: Eggekartong og aviser absorberer fukt.

- Matavfall
- Teposar
- Kaffifilter/grut
- Blad og stilkar
- Serviettar
- Tørkepapir



Til restavfall:

Bind, aske, hageavfall, snus og tyggegummi

Glas- og metallemballasje

Skal rett i dunken utan pose. Vask emballasjen fri for produkt. Forbeholdt emballasjeprodukt, ikkje anna glas og metall som skal til gjenvinningsstasjonen.

- Emballasje i metall og glas
- Glasflaske
- Syltetøyglas
- Makrellfiletboks



Til gjenvinningsstasjonen:

Steikepanne, kniv og sprayboks

Papp, papir og drikkekartong

Skal rett i dunken utan pose. Avfallet må vere tørt. Tips for å vinne returkartonglotteriet: Brett drikkekartongen, skriv på navn og telefonnummer. Les meir på sør.no

- Drikke- og emballasjekartong
- Papp, brunt papir, gråpapir
- Bøker utan stive permar
- Alt anna papir som ikkje er plastbelagt
- Aviser, reklame og vekeblad
- Pizzaeske



Plastemballasje

Skal i eigen SUM plastpose. Vask emballasjen fri for produkt.

- Flasker, beger og boksar i plast
- Bereposar i plast



Til gjenvinningsstasjonen:

Hard plast: Røyr, olje- og bensinkanne

Til gjenvinningsstasjonen:

- Klede og sko som er øydelagt
- Elektronikk
- Farleg avfall
- Lyspærer



Til Fretex:

Brukbare klede